

Dato: 27. apr. 2007

Spalte: Ryfylke

Byline: Heidi Hjorteland tekst og foto

Emner: prosjekter, kvinner, næringsliv

Side: 13

Produkt: Aftenbladet

Type: foto

Helside



Bilder



Jaktar på gründer-kvinner

Kvinner likar å jobba der dei bur. Det har regjeringa teke konsekvensen av og lanserer no eit treårig prosjekt mynta på kvinnelege gründerar på landsbygda.

Kvinneprosjekt driftas i Suldal, Hå og Dalane

Heidi Hjorteland tekst og foto

SULDAL: Næringshagane i Suldal, Hå og Dalane skal drifta det landsdekkjande prosjektet i Rogaland. Dette året er prosjektleiinga lagt til Suldal Næringshage ved dagleg leiar Laila Steine.

SIVA og Rogaland fylkeskommune skal bruka 500 000 kroner på prosjektet, som på landsbasis vil kosta 11 millionar kroner.

Mottoet for prosjektet som har fått namnet Kvinnoasjon er «Starte, skape, gro, vokse.»

STÅ FRAM: Laila Steine oppmodar alle kvinner som har idéar om eigne bedrifter, om å melda seg på oppstart-konferansane i Suldal, Hå og Dalane i byrjinga av mai.

Også kvinner som alt driv eiga verksemd, er hjarteleg velkomne. For målet med prosjektet er todelt: For det første skal ein oppmoda fleire kvinner til å ta spranget frå idé til handling, dinest skal ein stimulera eksisterande kvinnebedrifter til å utforska vekstpotensialet sitt.

Steine påpeiker at kvinner vanlegvis startar i det små. Mange har heller ikkje dei store vekstambisjonane.

Og det skal framleis vera heilt greitt, understrekar ho. Samstundes er det truleg kvinner som har lyst til å veksa, men som ikkje får det til av ein eller annan grunn.

- I prosjektperioden vil me ha fokus på rammevilkåra for kvinnelege gründerar, slik at også småbarnsmødrer kan satsa større, påpeiker ho.

Laila Steine viser til at dagens tone om kunnskap, teknologi og internasjonale vyar lett kan skremma ein del kvinner bort frå å starta bedrifter.

MAMMAGRÜNDER OK: - Slik må det ikkje vera. Alle kan ikkje bli store. Me treng også mammagründerane som er nøgde med å driva i det små. Kvinner skal ikkje måtta bli som menn. Men det er viktig å fokusera på næringsutvikling skapt av kvinner på landsbygda, fordi det er med på å styrka busetjinga i distrikta. Kvinner likar nemleg best å arbeida der dei bur, framheld Steine.

På konferansen i Suldal vil saudakvinna Bente Baugstø fortelja om sine erfaringar. Baugstø har starta ei verksemd som lagar programvareløysingar for smelteverksindustrien.

På landsbasis finst det rundt 40 næringshagar. Alle er plasserte i distrikta. Undersøkingar har vist at det er flest kvinner som er tilslutta næringshagane. Suldal Næringshage husar førebels ingen slike, men Steine veit at det også finst mange kvinner i Suldal som har laga sin eigen arbeidsplass. Steine håpar prosjektet blir ein spore til at fleire kvinner i regionen vågar seg ut med draumane sine.

- Suldal Næringshage vil stå til teneste for kvinner i nabokommunane også, presiserer ho.

heidi.hjorteland@aftenbladet.no

Bildetekst:

KVINNEFOKUS: Næringshagane i Suldal, Hå og Dalane vil satsa ekstra på kvinner dei komande tre åra. I år er det Laila Steine frå Suldal Næringshage som er prosjektleiar.

Stavanger Aftenblad ASA

Opplysningene fra databasen må ikke benyttes på en måte som krenker registrerte personers integritet.